



# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 5

Oktober 2019

Årgang 85 år



Hålandsdalen kyrkje 22. september 2019



Om  
å tilgje  
S. 2



Barn  
og ungdom  
S. 3 og 5



4 aktive  
år  
S. 4



Fast  
forankring  
S. 6 - 8



Det skjer  
i Strandvik  
S. 12



# FUSA PRESTEGJELD

## Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDGA  
Tlf. 56 58 01 81 - Fax 56 58 15 82  
Postboks 73, 5649 Eikelandssosen  
E-post: post.fusa@kyrkja.no

### Direktenr.

Kyrkjevevjerje	56 58 01 80
Sokneprest	56 58 01 83
Kyrkjelydspedagog	56 58 01 66
Konsulent:	56 58 01 81
Medarbeidarkoordinator:	56 58 01 87

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### PRIVATE TELEFONAR

#### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

#### Ass. kyrkjevevjerje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

#### Trusoppplæring

Stefan Andre H. Svendsen 98 42 11 17

Petra Dahlström Permisjon

Norunn Rød Markhus Permisjon

#### Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

Hans Einar Markhus Permisjon

#### Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 56 58 31 96

#### Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

#### Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

#### Kyrkjetenarar

##### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

##### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

##### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

##### SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

##### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

#### FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandssosen

#### Ansvarleg redaktør:

Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

#### Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 225,- pr. år

Utanbygds kr. 325,- pr. år

#### REDAKSJONSNEMND:

Harald Geir Sæther

Ole Bjørn Eikeland

## OM Å TILGJE



Søndagstekstane for ei tid sidan handla om tilgjeving. Tilgjeving – som me alle er så avhengig av - som gjer kvardagen leveleg. Tilgjeving som kan snu livet frå vondt til godt.

For tilgjeving gjer fri. Gjev fred i hjarta.

Jesus viste verkeleg kva det er å tilgje. I den påska då han blei torturert og korsfesta bad han for dei som hengte han opp på korset og sa: Far tilgje dei for dei veit ikkje kva dei gjer.

Der på korset bar han all verdens synd med seg - betalte for det med livet sitt. All synd i verda!

Dette er uråd å forstå. Tanken er alt for stor. Ja heilt ubegripeleg! Sona for alt vondt som menneske gjer og har gjort gjennom alle tider?

I brevet til Korintarane seier Paulus noko om dette. Då Jesu læresveinar gjekk ut og tala om kva Jesus hadde gjennomgått og gjort, kalla Paulus dei for forvaltarar av Guds mysterium,

Dette Guds mysterium er også for oss. Ikkje til å forstå, men fatta litt, det kan me. Nok til å sjå at nåden gjeld meg. Og deg. Det er Guds gåve.

Bibeltekstane den nemnte søndagen viser døme på tilgjeving i kvardagen. Frå det gamle testamentet (1. Mos frå kap. 27 og kap. 33) høyrer me om to brør – den yngste lurer den eldste og stel farsarven frå han. Ikkje rart at eldstemann, Esau, blir rasande. Det er heller ikkje så rart at yngstemann, Jakob, blir livredd og må rømja. Dei levde i ei tid då bror lett kunne drepa bror for slikt.

Jakob, var veldig spent og på vakt då han etter mange år drog heim att. Ville Esau hemna seg? Men med åpne armar møtte Esau bror sin og slo armene rundt han. Og tilgav! Det var uventa! Og vondt blei snudd til godt.

Tilgjeving blir me aldri ferdige med. Små og store hendingar i kvardagen og i fortida dukkar lett opp og kan leggja seg som noko vondt mellom naboar, søsken, ektefeller og familiemedlemer. Menneske som ikkje orkar å snakka med kvarandre.

Å tilgje kan sitja ganske så langt inne. Kvifor er det så vanskeleg å seia omforlatelse?

Når me er såra og skuffa er det freistande å gje igjen – gje igjen med same mynt! Så kan det lett bli stygge meldingar og hat - noko som høyrer kvardagen til for altfor mange.

Å tilgje seg sjølv er like vanskeleg. Eigne overtramp og dumme valg kan gjera veldig vondt.

Kvar einaste gong me ber Fadervår ber me: Tilgjev oss vår skuld slik som me tilgjev våre skuldnarar... Og rådet me får (Mark 11.25-26) er tydeleg: Gå og tilgjev den du har noko uoppgjort med. Så vil Gud tilgje deg. Nåden er Guds store gåte!

Astrid Heidal



# MANGE TILBOD FOR BORN OG FAMILIAR

Ungdom sjå side 5.

## KRIK-Idrettsgruppe

Vi har fått tildelt tid i Fjorden arena på fredagar frå klokka 17:00 og utover kvelden.

Vi håpar å rekruttere vaksne frivillige som kan legge til rette for leik og aktivitet, slik at born og ungdom kan få eit fast samlingspunkt på fredagane.

**Kontaktperson:** Stefan Høysæter Svendsen, tlf. 984 21 117 (ss759@kyrkja.no). Tilbodet er gratis.

## Musikk frå livets begynnelse

Ein møteplass for heimearbeidande foreldre med song, musikk, andakt, leik, dans og brødsriver for born i alderen 0-2 år.

**Eikelandsosen bedehus klokka 10:00 - 12:00**  
**23. okt, 30. okt, 6. nov, 13. nov, 20. nov, 27. nov**

**Kontaktperson:** Stefan Høysæter Svendsen, tlf. 984 21 117 (ss759@kyrkja.no). Tilbodet er gratis.

## Familiemix:

**13.okt, 10.nov og 8.des, klokken 11**

Familiemix er samlingar på tvers av generasjonar og bygder, for heile Guds familie, om du er ung eller gammal, har stor familie eller er einsleg. Gudstenestene finn stad på Eikelandsosen bedehus, og har sin eigen profil med mykje song og musikk med band, andakt, lesing frå Bibelen, kyrkjekaffi og sosialt samvær etterpå. Ofte har gudstenestene eige tema og born og unge deler aktivt.

## Gåver til

### barne- og ungdomsarbeidet

I sist nummer av kyrkjebladet låg det ved ein giro. Takk til alle som nytta den. Så langt er det kome inn overkant av kr. 20.000,- til barne- og ungdomsarbeidet. Som de ser i dette nummeret av bladet er det masse godt arbeid ein ønskjer å kome i gong med for born, ungdom og familiar. Viss du ønskjer å støtte dette arbeidet økonomisk, kan du framleis gjere det ved å gje ei pengegåve til Fusa sokneråd, konto nr. 3530 25 86215. Det er også mogleg å nytte Vipps, #90436, eller søk opp Fusa sokn.

## Fjord`n barnekor

Annankvar torsdag kl. 17.30-18.30

Øvingar hausten 2019:

Øving 17. oktober (+ Gjengen på taket)

Øving 31. oktober (+ Minidans)

Øving 14. november (+ Gjengen på taket)

Øving 28. november (+ Minidans)



## ”Gjengen på taket”

(3. kl og oppover) er:

**kl. 18.30- 19.30 på bedehusloftet.**  
**Pizza, leik og sosialt!**

## ”Lovsangsdans”

(3. kl og oppover) er:

**kl. 18.30-19.30. Lær lovsangsdans!**

Alder: Frå 5 år

**Me skal òg vera med på:**

- **Sundag 27. oktober, 17:00**

Konsert saman med Team Sulebakk i Haga kyrkje

- **Laurdag 23. november, 12:00**

Misjonsmesse på Eikelandsosen bedehus

- **Sundag 8. desember, 11:00**

Familiemix på Eikelandsosen bedehus

Medlemskontingenten for Fjord`n Barnekor er 50,- pr. barn pr. semester, eller kr. 100,- pr. kalenderår.

**Kontaktperson for koret:** Camilla Aarseth, tlf. 991 59 996

## Open barnehage

**8. november**

Ein møteplass for foreldre og born på planleggingsdagar. Song, musikk, andakt, leik, dans og brødsriver i Eikelandsosen bedehus klokken 10:00 - 14:00

8. nov., 2. jan., 22. mai

**Kontaktperson:** Stefan Høysæter Svendsen, tlf. 984 21 117 (ss759@kyrkja.no). Tilbodet er gratis.

## Fritidsklubben NOAH

Hausten 2019

19/10 11.00 - 14.00 Byggja Gapahuk, Indre Rød

02/11 11.00 - 14.00 Byggja Gapahuk, Indre Rød

15/11 18.00 - 20.30 Klatring, Fjorden Arena

29/11 18.00 - 23.00 Juleavslutn.

Gamme ved Nore, Fusa skule

Standard tid er fredagar 18.00- 20.30, men som de ser så har vi gapahukbyggjing på laurdagar 11.00- 14.00. Dette er for å få dagslys.

**Kontaktperson:** Ernst Ove Indrebø, tlf. 41451801



# Soknerådsperioden 2015-2019 – ei oppsummering

Soknerådsperioden har vore fire svært aktive år – både når det gjeld fellesrådsoppgåver (dvs. bygg og anlegg) og kyrkjelydsoppgåver. Eit godt samarbeid mellom frivillige, sokneråd, tilsette og Fusa kommune har bidratt til at ein har fått gjort masse flott og spanande arbeid. Her nemnast noko av det som har vore utført desse åra.

## Bygg og anlegg:

**Dugnadar.** Frivillige har utført dugnadsarbeid på alle ti gravplassane våre og i alle fem kyrkjene våre - nesten årleg!

**Sundvor kyrkje.** Kyrkja er opprusta og mala både innvendig og utvendig.

**Nordtveit gravplass.** Nytt gjerde.

**Baldersheim gravplass:** Nytt toalett/reiskapshus er bygd på dugnad, kapellet er restaurert og rusta opp, gravplassen er utvida, og det er nytt gjerde kring gravplassen. Bygdefolket har vore pådrivar og ein har fått straum fram til gravplassen.

**Sævareid kapell.** Maling utvendig.

**Hålandsdalen kyrkjegard.** Det har vore masseutskifting på delar av gravplassen. Det er kome ny parkeringsplass og området er asfaltert – samarbeid mellom næringsliv og kommune.

**Fusa kyrkje.** Det er skifta tak til skifertak, der er to nye overbygg og kyrkja er utvendig opprusta og mala. Det er kome ny lydisolert dør mellom kyrkjerom og kyrkjelydssal.

**Fusa nye kyrkjegard.** Det er skifta til skifertak på bårhuset og reiskapshuset, og gangvegane er asfalterte.

**Fusa gamle kyrkjegard.** Reiskapshuset – skifta delar av kledning og mala.

**Strandvik kyrkje.** Orgelet har hatt ei fullstendig restaurering – millioninvestering – takk til m.a. næringslivet for godt støtte! Delar av kyrkja er også mala innvendig.



Fusa kyrkje med nytt skifertak.

**Aakre gravplass.** Ein har fått ny tilkomst til gravplassen, og vegen er asfaltert.

## Kyrkjelydsarbeidet

Her vert det ei kort oppsummering. Det har vore mykje god oppslutning om gudstenestene. I haust starta ein tredje Alpha-kurset, og med rekordoppslutning! Det er eit aktivt trusopplæringsarbeid og barne/ungdomsarbeid for dei fleste aldersstega. Det er årleg kalenderkonkurranse og kalenderaksjon, og fasteaksjon der konfirmantane er aktive medspelarar i internasjonal diakoni. Det er eit aktivt misjons- og diakoni-engasjement der ein i Fusa har hatt og har fleire prosjekt. Lokal diakoni med julebrødaksjon og matgåve til jul for familiar som ikkje har så mykje å rutte med. Dåps-CD med om lag 100 aktørar frå Fusa! «Walk and Run» har vore gjennomført to gongar der inntektene har gått til brannskadde born i Etiopia! Utan alle frivillige medhjelparar ville ein ikkje ha fått utført alle



Ny veg til Aakre gravplass.

oppgåvene. Tett samarbeid med Frivilligsentralen og Bruktbuo om fleire tiltak har vore verdigfullt og til glede! Og flott er det at fleire unge menneske frå Fusa dei seinare åra har reist ut som utsendingar for ulike misjonsorganisasjonar. Takk til alle støttespelarar for ein flott innsats desse fire åra! Og til slutt.....VI TRENG MEDARBEIDARAR OGSÅ I ÅRA SOM KJEM! Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om du kan tenkje deg å nytte noko av di tid til det lokale arbeidet i Fusa sokn.

Assisterande kyrkjevevjerje  
Harald Geir Sæther





# UNGDOM

## Studietid – støtte til leksearbeid

Vi ynskjer å tilby støtte til leksearbeid, prosjektarbeid og anna læring til alle elevar ved ungdomsskulen i Fusa. Kvar måndag i Fjorden arena frå klokka 14:15 til 16:00 er alle invitert til leik/aktivitet i hallen, etterfulgt av måltid og studietid med veiledning.

Det vil bli forskjellige aktivitetar i tillegg slik som Kahoot, Koordinatbingo og dokumentarar.

Dette er eit samarbeid mellom kyrkjekontoret, kommunen og frivilligsentralen.

**Kontaktperson:** Stefan Høysæter Svendsen, tlf. 984 21 117 (ss759@kyrkja.no). Tilbodet er gratis.



## Ungdomsgudsteneste

27. okt og 17. nov, klokka 19

For ungdom i alle aldrar. Liturgien vert enkel, det vert band, og kveldsmat etter samlingane.



Velkommen til nytt

### «Møte mellom kvinner»

- ei samling av, med og for kvinner

Eikelandssosen bedehus lørdag 9. november  
kl 11.00 – 14.00.

Spanande møte med to kvinner, Ruth Rogers (England) og Zahra Nouri Taramlou (Iran/Tyrkia), som står midt i vekkelsen blant muslimar i Iran.

Fint dekkja bord og nydeleg mat. Song og musikk.  
Pris kr 200,- pr person.

**Påmelding til** post.fusa@kyrkja.no innan 6. november.

Arr: Fusa sokneråd

## Har du spørsmål om dåp?

For meir informasjon ta kontakt med Fusa kyrkjekontor, tlf.56580181 eller e-post til post.fusa@kyrkja.no

## Fusa Soul Children

Me har øvingar annankvar torsdag på bedehuset i Eikelandssosen, frå 14.30-17.00.

Det er mat før øvinga, og me driv med både song og dans. I år har me nye leiarar i koret. Hanna Øygard har ansvar for song, Gjøa Holmefjord har ansvar for dans, og i tillegg har me med oss Stefan André Høysæter Svendsen.

*Alle som ynskjer er velkommen til å komma og sjå kva me driv med!*

Fusa Soul Children er for 7. klasse og oppover.

Øving 17. oktober

Øving 31. oktober

Øving 14. november

Øving 28. november

**Kontaktperson:** Stefan Høysæter Svendsen, tlf. 984 21 117 (ss759@kyrkja.no). Tilbodet er gratis.



## OPPSUMMERING

### kyrkjevalet 2019

#### Resultat:

Medlemmer i Fusa sokneråd:

1. Bodil Samnøy
2. Roald Samnøy
3. Sigbjørn Sundfjord
4. Toril Hjartåker Hauge
5. Lars Erik Dalland
6. Olaus Elise Mjelde
7. Roger Hoel
8. Stina Samnøy Skare

#### Varamedlemmer:

1. Britt Mari Gjerde
2. Jan Ole Høiby Hansen
3. Øyvind Nordbø
4. Samson Øpstad
5. Marte Hafstad-Johansen

#### VALDELTAKING:

667 røysta ved soknerådsvalet, dvs ca 24,5% valdeltaking. Det var 12 ungdomar under 18 år som røysta. 77,2 % av røystesetlane var retta på til soknerådsvalet. 89 personar førehandsrøysta. Ved bispedømerådsvalet deltok 457 personar (16,7%).

Vi kjem tilbake til ein meir omfattande presentasjon av dei nyvalde soknerådsmedlemmene i neste nummer av kyrkjebladet.

Kyrkjevalet 2019

Kyrkjevalet  
2019



# FAST FORANKRING

I Norheimsund ein fin august-dag er me så heldige å treffe Kristi og Harald Rydland. Det har kome oss for øyra at dei har teke eit ganske så stort val for livet. Kvifor har dei gjort dette? Kva er deira tankar om livet?

Tekst: og foto: Ole Bjørn Eikeland

**Kristi og Harald, de skal flytte! De har vore eit av dei faste punkta i Eikelandssosen i over 40 år. Dette kjem som ei stor overrasking for mange. Kva er grunnen?**

Jo eldre ein blir, jo tyngre blir det å vedlikehalde hus og hage. Viss me skal kjøpe leilighet, må det gjerne vere nær eit av dei fire borna, og ingen av dei bur i Fusa. Ei dotter bur i Sør-Tyskland, ei dotter i Stavanger, ein son på Garnes, og ei dotter i Norheimsund. Alle med sine familiar.

”

*Eit fint høve til å vitne om den kristne trua det også!*

Til saman har me ti barnebarn! Her i Norheimsund bur tre av dei. Den minste, som er baby enno, har ei alvorleg hjartediagnose, og me vil gjerne hjelpe dei viss me har helse til det. Viss me flyttar, er det vinn vinn, fordi me får bu i nærleiken. Me har allerede kjøpt leilighet på Soltorp, sentralt nær Straumen, og skal flytte inn på nyåret. Leiligheita blir heilt ny, og enno ikkje klar til å flytte inn i. Huset på Koldal vil me då selje. Det er Kristi sin barndomsheim, og litt vemodig.

**De har vore aktive på bedehuset i mange år. Fortel!**

Harald fortel: Holdhus og Eikelandssosen Musikkor vart på ein måte sentralt i mitt liv. Då eg kom til Eikeland-



*Kristi og Harald Rydland.*

ssosen i 1977, vart eg spurt om å bidra med noko. M.a. vart eg utfordra til å leie ei songgruppe som fleire ønskte å vere med i. Og det gjorde eg, i nær på 40 år! Der har vore over 160 songarar innom koret i desse åra, store og små, i alle aldrar. Arbeidet med koret har betydd mykje for meg og gudstrua mi: Me valde sentrale tekstar, og eg vil seie at eg fekk hjelp til å bli bevart som kristen. Og naturlegvis vart koret eit middel til å dela den kristne bodskapen med andre, å gjere andre glad!

**Kristi, var du med?**

Ja, litt på slutten. Og alle borna var også med, så lenge dei budde heime.

**Du er også misjonsmenneske, er det rett?**

Ja, me var nokre damer som starta misjonsforening, og har også halde på i 40 år. Namnet var Fiolen. Eg var

også med og dreiv søndagsskule i 20 år, på det gamle og på det nye bedehuset. Også i kyrkjeleg samanheng har eg vore med, m.a. i dåpsopplæringsutvalg. Me utarbeidde den første dåpsopplæringsplanen i Fusa. Dessutan var eg i misjonsutvalget ei tid.

*Harald, fortel om Credo! Credo er eit reint mannskor, kjent for å style seg stilig opp i svart vest når dei opptre.*

Eg har alltid hatt stor interesse for song og musikk, og på 80-talet fekk eg vere med i enno eit godt fellesskap, i mannskoret Credo, der me framleis driv på. Eit fint høve til å vitne om den kristne trua det også!

*Kristi kommenterer: Credo-konene har også fått glede av dette fellesskapet, gjennom å få vere med på turar og førjulsfestar.*

*Ein kommentar frå bedehusbenken, frå ei ganske så ung jente med store auge:*





*Credo er kuule! Og Credo spreier framleis glede!*

### **Forholdet mellom kyrkje og bedehus var problematisk i Eikelandsosen tidlegare. Kva tenkjer de no?**

*Kristi svarer:* Eg har ikkje opplevd det. Me gjekk i kyrkje og i bedehus. Men det var jo nokre menneske som var meir bevisst på eit sånt skilje.

*Harald:* I mine barne- og ungdomsår var bedehuset naturleg for meg, eg fekk mykje med på livsvegen gjennom sentral og vekkjande forkynning på Seim der eg voks opp. Seinare, i vaksen alder, har eg alltid sett stort på verdien av eit fritt lekmannsarbeid. For meg er det naturleg å engasjere meg mest i bedehuset. Me har begge prøvt å ta ansvar lokalt i bedehusarbeidet, men me har alltid gått begge stader, og kjenner ikkje dette som eit problem så lenge me får ta imot god forkynning.

” Det gir glede tilbake å gjere noko for menneske som treng det.

*Salme og bibelvers. Obligatorisk!*

Då vil me sitere **Esaias 41,10: Ver ikkje redd, for eg er med deg! Sjå deg ikkje rådvill ikring, for eg er din Gud! Eg styrkjer deg og hjelper deg, og held deg oppe, med mi frelsarhand.**

Dette har vore ei god trøyst, særleg denne hausten, som er og blir veldig spennande for oss, med to hjarteoperasjonar i familien, på vesle Oskar og Harald sjølv.

Songen me har tenkt på, er ein av dei som har vore brukt i Credo og som me er veldig glade i, den står også i Sangboken: **Jesus gjelder i mitt sted, det er all min glede, salighet og liv og fred, er i ham tilstede.**

Her får forfattaren Trygve Bjerkrheim fram det sentrale i evangeliet, grunnen til kristen glede og trøyst. Det er stort at dette er for alle som vil ta i mot i tru, uavhengig av fortida!



### **De har vore aktive i forhold til innvandrarane i Fusa, de har vore svært imøtekommande med t.d. pianoundervisning, norskundervisning, køyring til jobb. Kva er grunnen til at de strekkjer dykk så langt?**

Me har rike minne frå 90 talet, då me fekk kontakt med flyktingar frå Vietnam. Med dei nye frå Syria kom konkrete spørsmål om hjelp med norsk undervisning. Så gav me frå oss eit gammalt piano, då var det naturleg med litt oppfølging. For dei som buset seg her, ser me utfordringane. Dei treng mykje praktisk hjelp. Det gir glede tilbake å gjere noko for medmenneske som treng det.

### **Kan eg utfordre dykk litt på gudstrua? Har den følgt dykk gjennom heile livet? Har noko endra seg?**

Me har begge to levt i vår barnetru, me har høyrte Jesus til heile livet.

### **Og med ein del sjukdom i familien som de opplever?**

Trua betyr tryggleik, bønnerett, styrke, å kjenne ein som har omsorg for oss, i gode og vonde dagar.

Etter kvart som ein blir eldre, vil både bibelord og hendingar i livet bli sett i eit djupare perspektiv. Livet gjev oss erfaring. Det blir litt meir nyansert, det som før var meir bastant.

Det store er at me to har fått stå i lag om alt dette.

### **Tur til Etiopia: De har vore med dit to gonger. Har turane betydd noko for dykk?**

*Kristi:* Misjon i Etiopia, og misjon generelt, har eg vore oppteken av sidan tidlege tenår. Derfor var det stort å få vere med ut til stader og byar eg har lese om i alle år. *Harald nikkar, enig. Slik var det også for meg.*

### **Vår kyrkjeverje i Fusa, Harald Geir, meiner: “Utan ditt engasjement Kristi, hadde det ikkje blitt støtte frå Fusa til utviding av kyrkje i Awada, Etiopia.” Det er ein stor påstand! Kyrkja i byen har no eit levande engasjement.**

*Kristi:* Det er litt overdrive, men kjekt å høyre likevel. Me var på tur til denne kyrkja, pastoren der fortalde om kyrkja, og at universitetet bygde ut i nærleiken. Mange studentar kom og var med på gudsteneste, kyrkja vart faktisk for liten. Det var strategisk om dei kunne byggje større, og då såg eg at å hjelpe til med innsamling for at ho kunne utvide, var ein god ide. Eg var kanskje med å dra i nokre trådar om samarbeid mellom misjonsmessa det året og spørsmål til soknerådet via misjonsutvalget.

Det har forresten vore givande å vera med i komitè for misjonsmessa gjennom ein del år, der folk i ulike deler av kommunen har trødd til med fin innsats. Slik har det kome inn store summar til misjonsarbeidet, med det



resultat at nye har fått hjelp på det menneskelege plan, og blitt nådd med den kristne budskapen.

### Har de ei helsing til folk i Fusa?

Med latter: Me må grubla litt på den! Jau, me vil minna oss sjølve og Fusa-folket på at me har mykje å vere glade for. Me må vere takksame for at me har det så godt i landet vårt. Her har me hatt mange rike år, og barna har hatt ein trygg oppvekst. Men også i her i Kvam er det aktivitet i kyrkje og bedehus, og me har vore innom allerede.

### Vil de ha kontakt med Fusa i framtida?

Ja, klart det at me vil gjerne vil ha kontakt med venner og kjente. Det er berre ein liten times kjøring herifrå.

### Me fotograferer på stranda, der ankeret står sentralt. Kva betyr ankeret for dykk?

Ankeret kan vera eit symbol for dette: Gjennom evangeliet om Jesus har Gud gitt oss eit fast haldepunkt, eit ankerfeste for livet i ei skiftande verd. Akkurat no er me reserveforeldre for ein 2 åring og 7 åring mens foreldra er med veslebror på Rikshospitalet. No skal me heim og lage middag, og dessutan henta på skulen og i barnehagen. Også positivt: Vårt eldste barnebarn har nett begynt på vidaregåande på Framnes, så då blir me fleire i familien her.

**Heile Fusa kyrkjelyd burde takke djupt for den enorme frivillige innsatsen dette paret har lagt ned her. Gje dei honnør som dei fortener!**

Ein av songane Kristi og Harald er glade i:

Jesus gjelder i mitt sted.  
Det er all min glede.  
Salighet og liv og fred  
er i ham til stede.

Jesus gjelder i mitt sted.  
Det er ankergrunnen.  
Mine synders straff han led,  
Drakk min kalk til bunnen.

Jesus gjelder i mitt sted.  
All hans arv jeg eier,  
Hele hans rettferdighet  
Og hans store seier.

Jesus gjelder i mitt sted.  
Fritt jeg fram tør trede,  
Falle for Guds åsyn ned,  
Takke og tilbede.

Jesus gjelder i mitt sted  
For den hvite trone.  
Derfor skal i evighet  
Takken til ham tone.



## HERBALIFE ERNÆRING

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppsspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!

Spør etter gratis prøvepakke,  
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

www.signeg.goherbalife.com/nn-no

## DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



SVENN C. STORUM

☎ 951 56 327 storum@fusi.no

## GRAVMINNER



Løvaas  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man - fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

## BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no

## Malerfirma

Kenneth Samnøen

5640 Eikelandssosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38







## FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf. 56 58 14 06  
Fax 56 58 39 99  
Mobil 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar

## Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post [havard@solheimelektro.no](mailto:havard@solheimelektro.no)

**[www.solheimelektro.no](http://www.solheimelektro.no)**

## REISENE BESTILLER VI HOS:

# TRAVELNET OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os  
Tlf.: 56 30 43 00  
e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no)  
[www.verden.no](http://www.verden.no)

Følg oss på Facebook



## Tønnegarden

Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord  
Tlf. 91 99 30 40

[post@tonnegarden.no](mailto:post@tonnegarden.no) - [www.tonnegarden.no](http://www.tonnegarden.no)

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, holdtbord, snittar mm. Kaker og lefser.

Følg oss på facebook og instagram.



## SPAR

### Eikelandssosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

**Tlf. 56 58 00 90**

## ELEKTRO OG RØYRLEGGJARBEDRIFT/BUTIKK



## HELLAND

ELEKTRO & VVS AS  
5640 EIKELANDSSOSEN

TLF. 56 58 06 20 - FAX 56 58 06 29  
Mobil Ingemar: 976 67 843

Me hjelper deg med vann-, lys- og varmeinstallasjoner når du skal byggja nytt eller rehabilitera.



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: [post@leiglandbygg.no](mailto:post@leiglandbygg.no)  
[www.leiglandbygg.no](http://www.leiglandbygg.no)

Står til teneste med alt i samband med dødsfall, gravferd og minnesamver. Blomsterservice, sal og service av gravminne.

## Fusa og Samnanger Gravferdsbyrå a.s

Boks 100, 5640 Eikelandssosen  
Liv Mette Hagen priv. 56 58 12 72  
Døgnvakt: 56 58 15 09

Besøk vår heimeside  
[www.fusa-kraftlag.no](http://www.fusa-kraftlag.no)

Din lokale kraftleverandør



5640 EIKELANDSSOSEN  
Tlf. 56 58 00 20



avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med forsikring, lån, sparing og plassering.

**VI ER HER**  
[www.spv.no](http://www.spv.no)



## Norheimsund

TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88

E-post: [post@nhstrykk.no](mailto:post@nhstrykk.no)

**Alt i trykksaker**



**SPAR** 

**Fusa**

Man-fre **8-21**  
Lørdag **9-20**

Tlf. **56582133**  
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!**

**ASVO Fusa AS**

www.asvofusa.no  
post@asvofusa.no  
tlf.: 56 58 14 18

5640 EIKELANDSØSEN

Er ei allsidig bedrift som driv med sal og produksjon

- Montering av mekanisk komponentar
- Fyringsbrikettar og opptenningsveg
- Blomekassar, sandkassar og varmpumpehus
- Høvleri
- Listeproduksjon
- Plenslåing

Me har moderne maskiner for å trevareproduksjon og tek gjerne imot oppdrag for Dykk!

**Alltid god service og rimelege prisar!**



**BYGGADMINISTRASJON**  
**Harald Bjørndal a.s**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLERING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
Tlf. privat: 56 58 51 19  
Telefax: 56 58 11 99  
Mobil: 970 63 526  
E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSØSEN

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



**Hordaland A/S**  
**Rørteknikk** /s

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget

VVS-VA-HAVBRUK-PRODUKSJON

Holsundveien 285, 5642 Holmefjord

Telefon: 56 58 09 90 - E-post: [post@h-rt.no](mailto:post@h-rt.no)



**MALERMESTER**  
**ALF HJELLE & SØNN AS**



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE**  
**HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. **56 58 15 25** eller **915 46 880**  
E-post: [firmapost@alfhjelle.no](mailto:firmapost@alfhjelle.no)

VESTLANDSKE LIMTRE  
INDUSTRI AS

5642 HOLMEFJORD  
Telefon: 56 58 07 00  
Telefax: 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner  
Limtre – beslag – takstoler – takverk

[post@vlimtre.no](mailto:post@vlimtre.no) [www.vlimtre.no](http://www.vlimtre.no)



1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



5646 Nordtveitrend • Tlf: 56 58 20 60  
E-post: [post@lhjertnes.no](mailto:post@lhjertnes.no)  
[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa  
Tlf. 56 58 22 86  
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



[www.meca.no](http://www.meca.no)

**M E C A**



**P. H. Haugen**  
**Landhandel - Sævareid**  
**tlf. 56583110**

e-post:  
[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

**Fusa**   
**Ferdigbetong as**  
5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**  
Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)





# Gudstenester i Fusa sokn

13.10.2019 - 08.12.2019

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
<b>Oktober</b>				
13.10.	11:00	Eikelihoodsosen bedehus	Familiemix	18. søndag i treeiningstida
20.10.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	19. søndag i treeiningstida
20.10.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	19. søndag i treeiningstida
27.10.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Bots- og bøneda
27.10.	16:30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Bots- og bøneda
27.10.	19:00	Eikelihoodsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	Bots- og bøneda
<b>November</b>				
03.11.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Helgemesse
03.11.	19:00	Fusa kyrkje	Minnegudsteneste	Helgemesse
10.11.	11:00	Eikelihoodsosen bedehus	Familiemix	22. søndag i treeiningstida
17.11.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	23. søndag i treeiningstida
17.11.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	23. søndag i treeiningstida
17.11.	19:00	Eikelihoodsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	23. søndag i treeiningstida
24.11.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Kristi kongeda
24.11.	16:30	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Kristi kongeda
<b>Desember</b>				
01.12.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	1. søndag i adventstida
08.12.	11:00	Eikelihoodsosen bedehus	Familiemix	2. søndag i adventstida
08.12.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	2. søndag i adventstida

## Frå **KYRKJEBØKENE**



### Dåp

#### Strandvik kyrkje

25.08.2019 Albert Bang  
25.08.2019 Eira Hannisdal Berge  
25.08.2019 Isak Berge  
25.08.2019 Olav Johan Boge  
25.08.2019 Sofia da Rosa Stall

#### Hålandsdalen kyrkje

25.08.2019 Hanna Berge  
22.09.2019 Leah Helland Bang  
22.09.2019 Johannes Heidal Holmefjord

#### Fusa kyrkje

15.09.2019 Nathalie Nesheim Aadland



### Vigsel

#### Fusa kyrkje

24.08.2019 Bård Artur Gjertsen og  
Kjerstin Klepsvik Vinsjansen

31.08.2019 Jan-Einar Bjaanes og Linda Mari Torheim

#### Strandvik kyrkje

24.08.2019 Rune Peter Garverhaugen og  
Aud Jorunn Tomine Mjelstad



### Gravferd

#### Fusa kyrkje

29.08.2019 Anna Gurine Helland, f. 23.03.1928

#### Strandvik kyrkje

06.09.2019 Ingrid Marie Legland, f. 28.02.1928

#### Sævareid kapell

17.09.2019 Erling Fredheim, f. 01.05.1929  
25.09.2019 Aud Høysæther, f. 26.12.1934

#### Hålandsdalen kyrkje

20.09.2019 Marta Elfrida Aarra, f. 02.12.1921



# Informasjon

Avsender:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen

## Det skjer i Strandvik kyrkje!

### Choral evensong

Alle som har vore i England er nok klare over at mange kyrkjer og særleg kapella knytte til dei ulike studenthusa (colleges), har ein unik tradisjon for rikt utforma aftansong. Dette er ei ettermiddagsgudsteneste prega av mykje liturgisk kormusikk (difor kalla «evensong»), og turistane stiller seg tidleg i kø for å vere med på det i dei mest kjente kyrkjer og kapella.

På Bots- og bønedag vil vi legge til rette for ein slik aftansong i Strandvik kyrkje, kl. 16.30. Viktige element i evensong er ein bibelsk salme og Maria og Simeon si lovsong (Magnificat og Nunc Dimittis). Koret «Sine Nomine» står for kormusikken. Elles medverkar kantor Iman de Zwarthe, sokneprest Einar Ekerhovd som liturg og Margunn Sæther skal preike over dagens tekst. Sjølvsaugt er det også rom for allsong, m.a. ein kjent engelsk kveldssalme.



### Open kyrkje

Kvar tredje tysdag i nesten kvar månad er Strandvik kyrkje open for dei som vil bruke Strandvik kyrkje oftare, men også for dei som vil bruke kyrkja på andre måtar enn når det er vanleg gudsteneste. Kyrkja er open frå kl. 19:00 til 20:00 for alle som vil tenne eit lys eller berre sitja stille og høyre på musikk. 15. oktober kan ein høyre på engelsk orgelmusikk og 19. november kan ein ta del i «Salmeboka minutt for minutt – 2» der me syng igjennom alle adventssalmene i salmeboka med hjelp av kyrkjekoret.

### Hjelp til brannskadde born i Etiopia!

Arbeidet med støtte til brannskadde born går vidare. Det kjem stadig gaver til dr. Einar Eriksen sitt arbeid i Etiopia. Større artikkel kjem i komande nummer. Walk and Run laurdag 6. juni 2020! Merk datoen allereie no!

Du kan støtte arbeidet med å hjelpe brannskadde born: kon-  
tonr. 3530 25 86215,  
MERK brannskadde born



Denne vetle jenta,  
Tome på 4 ½ år,  
har fått hjelp i  
2019.

### Kalenderaksjonen 2019

Kalenderaksjonen i haust vert gjennomført av konfirmantar og andre i perioden 11.-13. november. Ta vel i mot desse når dei kjem på di dør! Alle inntektene går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.



### BLI MED OG OPPLEV

misjonsmessa i Eikelandsosen bedehus laurdag 23. november 12.00-16.30. Talar i år er Bolivia-misjonær Kjell Aardal. Fjord'n barnekor blir med og syng. På messa vert det tradisjonen tru både tombola, loddsal, og sal av ymse varer, kafeteria og ikkje minst eit møtesamvær. Inntekta går til Norsk Luthersk Misjonssamband sitt arbeid.

Ny e-postadresse til Fusa kyrkjekontor  
[post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)